

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Svein Halleraker (H) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er ansatt i LINK arkitektur. LINK arkitektur er arkitekt for prosjektet. Han er leder for disiplin skolebygg og har hatt befatning med prosjektet. Halleraker gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Halleraker var inhabil etter forvaltningslova § 6 2. ledd.

Halleraker gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 64 representantar tilstades.

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune godkjenner forprosjekt og byggjestart for eit nytt og samla opplærings- og kompetansesenter i Førde med ei samla kostnadsramme på 816,3 mill. kroner inkl. mva. 43 mill. kr var innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2020 og er påløpt, medan restkostnaden på 773,3 mill. kr. er lagt inn i vedteke investeringsbudsjett for økonomiplanperioden 2021-2024.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre administrativ samanslåing av Mo og Øyrane vgs. og Hafstad vgs. før skulane er samlokaliserte.